

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	10.01.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/1580-1
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Ingar Hals
<b>E-post</b>	Ingar.Hals@vlfk.no
<b>Telefon</b>	97473361

## Reguleringsplan fv. 564 Fløksand - Vikebø. Oversending til slutthandsaming

Vi viser til tidlegare dialog og sakshandsaming om dette planarbeidet. Ut frå eit vedtak i Utval for areal, plan og miljø 11. november 2020 vart planutkast for strekninga utarbeidd med to alternativ, A1 og A2, heilt i sør på Fløksand, og planutkasta var ute til høyring og offentleg ettersyn frå 24. februar 2021 til 14. april 2021.

Vi har som tiltakshavar gått gjennom innkomne merknader, og som følgje av dette tilrådd nokre endringar av planutkasta. Desse endringane og våre vurderingar går fram av vedlegg «Fv. 564 Fløksand – Vikebø, endringar etter offentleg ettersyn» med vedlagt «Merknadsskjema».

Vi legg ved reviderte plankart og føresegner for begge alternativa. Vedlagt er og reviderte VA-rammeplanar og eit notat om klimagassutslepp som vart utarbeida etter innspel frå Statsforvaltaren. I samråd med dykk vil planomtalen bli revidert etter planvedtaket, og den vil da bli tilpassa det vedtekne planalternativet.

Vi har og gjort ei ny vurdering av kostnadene ved utbygging der vi har teke omsyn til endringane som er gjort i samband med off. ettersyn. Revidert kostnadsrapport er vedlagt.

Både alternativ A1 og alternativ A2 er gode alternativ, og vil gje ei god løysing trafikalt og for bebuarane i området. Alternativ A1 er litt betre for dei ikkje prissette konsekvensane (pga. omsynet til kulturlandskap og dyrka mark på Fløksand). Men skilnaden mellom alternativa er svært liten, og med ein kostnadsskilnad på 8 mill. kr i favør av alternativ A2 la vi vekt på kostnader i vår tilråding. Ved utlegging av planutkastet til offentleg ettersyn tilrådde vi derfor alternativ A2.

Som følgje av justeringane i samband med offentleg ettersyn er det ikkje lenger skilnad i kostnader, og alternativ A1 og A2 er om lag like dyre å bygge ut. Både A1 og A2 er gode alternativ for trafikantar og bebuarar, det er vanskeleg å seie at eitt alternativ er betre enn det andre. Når alternativa elles er likeverdige meiner vi det er rett å leggje vekt på at alternativ A1 er litt betre for dei ikkje prissette konsekvensane, og vil tilrå at Alver kommune vedtek alternativ A1.

Vi sender no planen over til slutthandsaming i kommunen. Vi ber om ei rask handsaming, slik at vi kan kome i gang med utbygging av dette høgt prioriterte tiltaket i Nordhordlandspakken. Ta kontakt om de har spørsmål i samband med oversendinga.

Med helsing

**Wilhelm Lund**  
leiar

**Ingar Hals**  
sjefingeniør

<b>Postadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>E-post</b>	<b>Heimeside</b>	<b>EHF-Fakturaadr.</b>	<b>Organisasjonsnr.</b>
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

INV - Planlegging

INV - Planlegging

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*